Norsk Kulturarv

Årsmelding 2022

THE BEST IN HERITAGE
IN PARTNERSHIP WITH EUROPA NOSTRA

VERN GJENNOM BRUK

1. Bakgrunn

Stiftelsen Norsk Kulturarv (SNK) vart oppretta i 1993 av Oppland fylkeskommune og har 29 innskytarar av eigenkapital, hovudsakleg frå offentleg sektor.

Ved utgangen av 2022 hadde Norsk Kulturarv **1183** enkeltmedlemmer og **139** næringsmedlemmer. **71** kommunar pluss to regionråd har samarbeidsavtale, Region Hadeland med 3 kommunar og Setesdal Regionråd med 4.

135 bedrifter innehar pr. dags dato kvalitetsmerket Olavsrosa.

2. Visjon

Norsk Kulturarvs visjon er

Vern gjennom bruk

Utvikling av nye næringar gjennom bruk av kulturarvverdiar er ein vesentleg del av Norsk Kulturarvs arbeid. Norsk Kulturarv bidrar på denne måten til verdiskaping. Kulturminne som blir brukte aktivt, skapar tilhøyr og identitet.

Aktiv bruk er ein viktig premiss for ein levande og mangfaldig kulturarv.

Kulturarven er kjelde til livskvalitet gjennom gode opplevingar, samtidig som kulturarven gir grunnlag for næringsdrift. Inntekter som blir skapte, kan i neste omgang bli tilbakeført til vernearbeidet.

3. Formål

Norsk Kulturarv er ein interesseorganisasjon med formål å sikre kulturarven vår for komande generasjonar gjennom berekraftig bruk langs kysten, i innlandet og i bystrøk.

Norsk Kulturarv ~~og~~ er open for medlemskap for bedrifter, kommunar, fylkeskommunar, regionråd, organisasjonar og enkeltpersonar.

Norsk Kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd, informasjon og formidlar verdiar som **inspirasjon**, **kunnskap** og **identitet**.

Norsk Kulturarv skal profilere seg gjennom aksjonar, Olavsrosa, prosjekt og spesielle produkt.

4. SNKs Strategiplan for 2021-24

Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt styre vedtok i 2020 ein ny strategiplan gjeldande fram til og med 2024.

Visjonen vår – Vern gjennom bruk – er uendra, og det å sikre vår felles kulturarv er formulert som stiftelsens formål.

Hovedmål:

- Norsk Kulturarv skal ivareta interessene til eigarar og brukarar av freda og verneverdige kulturminne
- Norsk Kulturarv skal arbeide for og delta aktivt i forsvarleg næringsutnytting av kulturarven
- Norsk Kulturarv skal gjennom økonomisk og fagleg bistand drive aktivt kulturminnevern med heile landet som arbeidsområde
- Norsk kulturarv skal i alt sitt virke arbeida for å skapa inspirasjon, engasjement og auka kunnskap om kulturarv hjå barn og unge.

Arbeidsområda:

- Ivaretaking av kulturarven og verdiskaping.
- Kommunikasjon- og profileringsarbeid – Synleggjering av innsatsen vår.
- Politisk påvirkningsarbeid.
- Nettverksbygging.
- Immateriell kulturarv.
- Berekraftig økonomi for organisasjonen.
- Kompetanse.

Strategiplanen dannar grunnlaget for årlege, konkrete handlingsplaner.

5. Styret si årsmelding for 2022

Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt styre har i meldingsåret hatt 7 digitale styremøte og 2 med fysisk oppmøte.

Styret har behandla 55 saker.

Styret har i meldingsåret bestått av (fram til årsmøtet):

Styremedlemmer

- Jørn Holme – leiar
- Marianne Grimstad Hansen – nestleiar
- Hanne Kristin Jakhelln
- Randi Bårtvedt
- Stig Grytting
- Olaf Steen
- Tor Valdvik

Vara

- Eli Selstad
- Christin Krohn

Hanne Kristin Jakhelln gjekk ut av styret under årsmøtet, og vart erstatta av Rita Johansen.
I styremøtet 18. oktober, fekk Marianne Grimstad Hansen fråtre styret, og Randi Bårtvedt vart valgt som ny nestleiar. Eli Selstad gjekk inn som nytt styremedlem.

Ved årsskiftet bestod styret av:

Styremedlemmer

- Jørn Holme – leiar
- Randi Bårtvedt – nestleiar
- Stig Grytting
- Olaf Steen
- Rita Johansen

- Eli Selstad
- Randi Anita Skogum

Vara
- Christin Krohn

Tiltredande til styret:
- Arnstein Brekke, Fagrådet

Andre tillitsvalde i Norsk Kulturarv:

Valgkomité
- Ole Tvete Muriteigen – leiar
- Kirsti Indreeide
- Bjørn Ølander

Norsk Kulturarvs Fagråd
- Arnstein Brekke – leiar
- Marianne Stensgård
- Ola Hjelen
- Gro Lavold
- Mikael Forselius

Stiftelsen er også morselskap med 100 % eigarskap i Senter for bygdekultur AS og 67 % av aksjane i Handverksskolen AS. Studieforbundet kultur og tradisjon eig dei andre 33 % av aksjane i Handverksskolen AS.

Styreleiar har fast godtgjersle, resten av styret har møtegodtgjersle for frammøte.

6. Administrasjonen

Administrasjonen i Norsk Kulturarv har i meldingsåret hatt kontor i Edvard Storms veg 26 (den gamle prestgarden Ullinsvin) i sentrum av Vågåmo.

Ved årsskiftet bestod administrasjonen av følgjande:

- Erik Lillebråten
  Direktør
- Randi Anita Skogum
  Organisasjonsmedarbeidar

Tor Valdvik sa opp stillinga si som kommunikasjonsansvarleg/ prosjektleiar Norsk Smaksskule den 11. april 2022. Lene Grothe vart engasjert i 50% prosjektstilling som prosjektmedarbeidar i Norsk Smaksskule f.o.m 1. mars t.o.m 31. oktober 2022. Dette vart det gjort om på, slik at Grothe fekk 100% stilling f.o.m 1. august og ut året. 01.01.23 hadde Norsk Smaksskule med andre ord ingen ansatte.

Ved årsslutt var det 2,0 årsverk i administrasjonen.

7. Årsmøtet 2022

Norsk Kulturarvs årsmøte vart halde på «Solstua» i Oslo tysdag 14. juni.

Solstua» vart bygd som jaktvilla for Sam Eyde i 1905. Eiendommen ligg i skogen øvst i Voksenkollen med vakker utsikt over byen. I 1916 kjøpte fabrikkeigar Halvor Schou plassen og lot arkitekt Arnstein Arneberg innreie stuene. «Solstua» framstår i dag uforandra frå denne tida.

Arrangementet bestod av årsmøte med påfølgande foredrag av –
- Katharina Sparstad, dagleg leiar Norsk Seterkultur – Kvifor UNESCO ?
- Kjell Hødnebø, styreleiar hagenettverket Schübelers Nettverk
- Bjarte Lunde, hotelldirektør Hotell Bondeheimen i Oslo –

Olavsrose-innehaver med COVID-19-erfaringar

Dagen vart avslutta med felles årsmøte-middag med sosialt samvær.

8. Økonomi

Årets resultat er på nært oppunder NOK 600 000,- i pluss.

COVID-19 gjorde 2020 og 2021 til svært spesielle år på så mange måtar. Ikkje minst også for oss. Det meste av dette har normalisert seg i 2022, noko som blir gjenspeila i regnskapet.
Som eit COVID-19-tiltak over for Olavsrose-innehavere og næringsmedlemmar, vedtok styret å halvere kontingenten for 2020 og 2021. For 2022 var kontingentane opp att på normalt nivå.
Antal enkeltmedlemmar er stabilt.

Vi har samarbeidsavtaler med Opplysningsvesenets Fond og Fagbevegelsen.

Grunnstøtta frå Klima- og miljødepartementet var i

2015: kr 1 140 700
2016: kr 1 116 600
2017: kr 1 150 000
2018: kr 1 150 000
2019: kr 1 150 000
2020: kr 1 052 000
2021: kr 933 000
2022: kr 958 000

Organisasjonsstøtte over Landbruks- og matdepartementets budsjett var på NOK 350 000,- pluss NOK 90 000,- i samband med Den nasjonale Kulturlandskapsprisen.

Post 3490 Andre tilskudd/ gaver gjeld «gåveforsterkningsmidler» frå staten, tildelt på bakgrunn av gåve til Norsk Smaksskule frå Sparebankstiftelsen DNB.

Lønnskostnad er redusert i forhald til fjoråret, i tillegg til at ein større andel av lønn er dekka gjennom prosjekt i 2022.

Kostnadane knytta til produksjon av magasinet Kulturarven er redusert med meir enn 50% i forhald til året før. Ei innsparing på NOK 582 086,-.

Datalisensar er kraftig redusert i forbindelse med flytting frå Datasvar og til lokal levrandør.

Sum bunden eigenkapital (stiftelseskapital og innskoten, registrert stiftelseskapital) er på kr 1 550 000,-.

Styret meiner at den framlagde resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande noter gir tilfredsstillande informasjon om drifta i Stiftelsen Norsk Kulturarv pr. 31.12.2022.

Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad av at det er grunnlag for framleis drift.

9. Likestilling og arbeidsmiljø

Styret består av 3 kvinner og 3 menn, administrasjonen av 1 kvinne og 1 mann.

Arbeidsmiljøet i Norsk Kulturarv er godt.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

10. Styret si vurdering for det vidare arbeidet

Norge har ein stor ressurs i vår kulturarv. Vi meiner at vi best tar vare på kulturarven når den er i aktiv bruk og når den får nye bruksmåtar, tilpassa vår tid.

Norsk Kulturarv skal stå fram som ein profilert aktør i forvaltninga av aktivt miljø- og kulturvern. Norsk Kulturarv skal stå i fremste rekkje når det gjeld informasjon, haldningsskapande arbeid, rådgiving og deltaking i ulike fora der næringsutvikling basert på ulike kulturminne er tema.

Vi søker å utvikle eit betre samarbeid mellom organisasjonane som arbeider for kulturarv, bygdeturisme og matkultur til beste for næringsutøvarar og samfunn.

For å vidareutvikle reiselivet i Norge er det viktig å bruke kulturarven vår, med norsk mat og norske mattradisjonar, og å vidareutvikle kulturlandskapet.

Styret meiner det er godt grunnlag for vidare drift.

11. Utoverretta verksemd

Enkeltpersonar, lag/organisasjonar og kommunar/fylkeskommunar kan vera medlemmer i Stiftelsen Norsk Kulturarv.

«Rydd eit kulturminne»
Ryddeaksjonen har som mål å bevare kulturminne. Samtidig skapar aksjonen mykje aktivitet rundt kulturminnet. I tillegg til at deltakarane lærer om kulturminnevern i praksis, får dei også mange andre viktige verdiar med på vegen.

Fyrste ryddeaksjonen til Norsk Kulturarv vart arrangert i år 2000. Frå før hadde vi god erfaring med aksjonen «ta eit tak».

Med «Rydd eit kulturminne» blir barn og unge engasjert til å ta del i lokalt kulturminnevern.

Aksjonen skapar ein unik arena der barn og unge blir kjende med kulturarven sin, samtidig som dei aktivt tek del i bevaring og formidling av kulturarven.
Takka vera samarbeidspartnarar – både finansielle og andre – kan denne aksjonen bli arrangert. I fyrste rekkje som bidragsytarar står Sparebankstiftelsen DNB og Riksantikvaren. Tildelte midler blir brukte til stipend og premiering.

I 2012 vart Norsk Kulturarv tildelt Europa Nostra Award og EU-kommisjonens Grand Prix for aksjonen «Rydd et kulturminne», og har i ettertid erfart at dette har gjeve oss oppmerksomheit langt utover landets grenser.

«Ta et tak»
I løpet av «Ta et tak»-aksjonen 2021-22 vart NOK 10 millionar fordelt til 312 prosjekt. Det var 380 søknadar.
Vi søkte Stiftelsen UNI om NOK 10 millionar til ny tak-aksjon for 2022-23, og i styremøtet sitt 24. august 2022 tildelte dei NOK 10 millionar kroner til aksjonen. Dette blir 16. aksjonen sidan starten i 1998, og med denne tildelinga

vil over 63,5 millionar kroner vera utdelt til meir enn 4 000 prosjekt i heile Norge.

Pågangen er enorm, med minst eit par henvendelsar kvar dag med spørsmål om det kan søkast på aksjonen vår. Det er med andre ord eit stort behov for denne type ubyråkratiske støtteordningar.

«Norsk Smaksskule»
Norsk Smaksskule vart starta opp i 2012. Det er ein aksjon retta mot barn i barnehagar og grunnskule, der vi ønskjer å inspirere til interesse for mat- og råvarekunnskap som ein del av identitet og kulturarv.

Det er viktig å lære barn til å setja pris på dei norske råvarene, dei naturlege smakane og den særnorske matkulturen.

I november 2021 fekk Norsk Smaksskule innvilga ein søknad på NOK 1 000 000,- hjå Sparebankstiftelsen DNB til prosjektet «Barnas matfat i Innlandet». Dette er eit kunst- og kulturprosjekt knytt til mat, der ein i samarbeid med Maihaugen på Lillehammer og 9.-klassingane i Innlandet skal dokumentere den innlandske matkulturen.
Prosjektet vart avslutta i 2022 med blant anna kokkekamp og utstilling på Maihaugen.
«Barnas matfat» kan overførast til andre kommunar og regionar.

Vårt tidlegare dyrkekasse-prosjekt vart omdisponert til piloten «Frå jord til bord», der skulelevar i samarbeid med småskalaprodusentar av frukt, bær og grønnsaker skal lære meir om dyrking. Eit godt alternativ til den tradisjonelle skulehagen.
Prosjektet kan overførast til andre kommunar og regionar.

Kommunesamarbeidet
Kommunesamarbeidet omfattar ved årsskiftet 71 kommunar pluss to regionråd, Region Hadeland med 3 kommunar og Setesdal Regionråd med 4.

Avtala med kommunane omfattar profilering av ulike mindre, ikkje-kommersielle kulturminne i kommunane, undervisningsopplegg for grunnskulen og prioritert deltaking i samband med Norsk Kulturarvs aksjonar.

Vi arbeider med å utvikle ei større satsing på samarbeid med landets kommunar. Dette gjer at vi i løpet av 2023 håpar å kunna lansere begrepet «KULTURARVKOMMUNAR». Prosjektet er støtta av Riksantikvaren.

Informasjon
Nettsida vår, www.kulturarv.no, er ein betydeleg informasjonskanal. Vi har skifta levrandør av denne nett-tenesta, og er i gang med oppgradering og forbetring av presentasjonen vår på internett.

Det har jevnleg gjennom året vore senda ut elektronisk nyheitsbrev til meir enn 1500 mottakarar.

Det blir arbeidd kontinuerleg med den nettbaserte undervisningsportalen vår, www.kulturarvskulen.no.
Gjennom kontakt med Nordisk Ministerråd vurderar vi om portalen kan gjerast tilgjengeleg for alle nordiske og baltiske land. Dette blir eventuelt eit stort arbeid som blant anna vil innebera at den blir oversatt til samtlege nordiske og baltiske språk. Realiseringa vil avhenge av å få på plass finansiering.

Aktivitet i sosiale medium er sentrale kanalar for basisinformasjon om organisasjonen. Vi har ei svært godt besøkt Facebook-gruppe med heile 7 745 følgarar. Facebook er ein framifrå kommunikasjonskanal for gode kulturarv-saker. Vi har også eit stort potensiale på Instagram.

Magasinet vårt, KULTURARVEN, kom ut med to nummer i 2022. I tillegg til distribusjonen blant medlemmer og næringsmedlemmer, går KULTURARVEN til ulike politiske miljø både nasjonalt og regionalt, til kommunar med samarbeidsavtale, til bibliotek og ulike organisasjonar.
Dei fleste overnattingsstader blant Olavsrose-innehaverane legg magasinet ut på gjesteromma sine. Dette har vi hatt veldig god respons på.

Responsen på magasinet er enormt god. Særleg får vi positive attendemeldingar på at vi publiserar interessante og relevante artiklar og nyheiter, med varierte tema frå heile landet.
Norsk Kulturarvs direktør er redaktør for magasinet.

Magasinet har eit opplag nå på 7 100.

Det nasjonale kvalitetsmerket Olavsrosa
135 bedrifter innehar pr. dags dato kvalitetsmerket Olavsrosa.

I 2022 vart det gjort vedtak om to tildelingar av Olavsrosa.

Norsk Kulturarvs ærespris 2022
Æresprisen går til enkeltpersonar eller grupper, lag og organisasjonar som har vist evne og vilje til å yte særleg aktiv innsats for den norske kulturarven.

Norsk Kulturarvs ærespris vart delt ut fyrste gong i 2007, og har sidan vore tildelt blant anna Jon Bojer Godal (2014), H.M. Dronning Sonja (2015), Jon Brænne (2016), Christian Sulheim (2017), Nils Georg Brekke (2018) og Else «Sprossa» Rønnevig (2019). Ingen pris i 2020. Jens Peter Ringstad (2021).

For 2022 vart stiftelsens ærespris tildelt Helle Hundevadt.

Helle Hundevadt er i dag kombinert rektor på Hjerleid handverksskole og ledar for Senter for bygdekultur. Ho arbeider mykje, og i mange retningar. Alt frå å slåss på Stortinget for handverksfag, til å ordne med frokost og middag til 60 stykker på kurs, for deretter å følgje opp elevar og kursdeltakarar på alle måtar, både unge og eldre. Også mange som ikkje «passar inn» ein del andre stader, finn ein plass på Hjerleid. Helle har skapt eit Hjerleid med hjerta for mange.

Norsk Kulturarvs gullnål
Norsk Kulturarvs gullnål er tildelt Christian Sulheim, Martin Vik, Inger-Lise Gjørv, Rune Øygard, Jens Peter Ringstad, Magnar Lussand, Inger-Lise Skarstein, Birger Brandtzæg, Ellen Bojer Nordstoga, Jarle Braut, Mathias Øvsteng, Ivar Odnes, Kirsti Kolle Grøndahl og Bjørn Ølander.

I 2022 var det inga utdeling.

Den nasjonale kulturlandskapsprisen
Norsk Kulturarv har teke initiativ til Den Nasjonale Kulturlandskapsprisen og samarbeider med Landbruks- og matdepartementet og Landbruksdirektoratet om utvelgelsen av det beste prosjektet kvart år.

Den nasjonale kulturlandskapsprisen for 2022 vart tildelt Nettverket Stange Vestbygd.

I Stange vestbygd blir det dreve aktivt landbruk i eit område med svært god matjord. Det blir dyrka korn, oljevekster, og die er store på bær og grønnsaker.

Det er nå ca. 40 medlemmar i nettverket. Om lag 20 har eit tilbod om anten overnatting, servering, gardsutsalg, omvisning, open gard og aktivitetar, eller ein kombinasjon av fleire tilbud.

Det er vorte ei større bevisstheit og stoltheit blant gardbrukarane i området

gjennom arbeidet. Dette blir brukt gjennom auka fokus på istandsetting og formidling av verdiane i området.

Landbruks- og matminister Sandra Borch stod for utdelinga av prisen i Stange måndag 8. august.

Jury for tildelinga var –

- Landbruks- og matminister Olaug Bollestad - Juryleiar
- Lars Petter Bartnes, leiar i Norges Bondelag
- Kjersti Hoff, leiar i Norsk bonde- og småbrukarlag
- Jørn Rolfsen, administrerande direktør i Landbruksdirektoratet
- Hanna Geiran, riksantikvar
- Jørn Holme, styreleiar i Stiftelsen Norsk Kulturarv

Norsk Kulturarvs direktør er sekretær for juryen.

Schübelers hager

Schübelers hager er eit landsomfattande nettverk av gamle norske prestegardshagar og andre hagar med kulturhistorisk verdi.
Nettverket har som formål å bidra til å ta vare på dei gamle hagane, og igjen ta dei i bruk for å vidareutvikle hagekulturen og mangfaldet av norske nyttevekster.

Nettverket vart offisielt etablert den 10. juni 2021 etter fleire år med forberedelse i regi av foreningen KVANN (Kunnskap og Vern av Nytteplanter i Norge).

Norsk Kulturarv vart spurt om å bli ein del av Schübelers hager, og er nå representert i nettverkets styre.
Styret består av:

- Kjell Hødnebø (KVANN) - Styreleder
- Øyvind Sandvold (Opplysningsvesenets Fond)
- Mari Marstein (KVANN)
- Tron Hirsti (Det Norske Hageselskap)
- Sverre Henriksen (Steigen prestegård)
- Erik Lillebråten (Norsk kulturarv)

Fredrik Christian Schübeler (1815-1892) var botanikar og professor ved Universitetet i Kristiania. Frå 1863 til sin død var han direktør ved Botanisk Hage på Tøyen, og det var i denne perioden han organiserte eit nettverk av forsøkshagar over heile Norge for å prøve ut nye nytteplantar. I motsetning til dei fleste professorar, meinte Schübeler at forsøksdyrkning av økonomiske plantar var den viktigaste rolla til den botaniske hagen.

Kulturmiljølovutvalget

Utvalget skal utarbeide forslag til ny kulturmiljølov til erstatning for dagens kulturminnelov.

Utvalget skal foreta ein fullstendig gjennomgang av regelverket om kulturminneloven og regelverket om kulturmiljø i andre lover, og foreslå ein ny lov om kulturmiljø. Bakgrunnen er dei mange endringane som har skjedd både i samfunnet og kulturmiljøforvaltninga sidan gjeldande kulturminnelov vart vedteke i 1978.

Utvalget skal levere si utredning i form av ei Norsk offentlig utredning (NOU) innan 1. september 2024.

Norsk Kulturarv har kome med innspel til lova, og følgjer arbeidet tett.

Setersatsing i årets jordbruksoppgjør

Landbruksdirektoratet har invitert Norsk Kulturarv inn i referansesgruppen som skal utgreie om setersatsinga som ligg i årets jordbruksoppgjør.

Fjellbeitene er ein viktig ressurs, men med tilgang på all verdens ressursar og import av matvarer, er våre eigne blitt mindre lønnsame. På 100 år har 90 000 setre blitt til 900, og beitet er blitt til skog. Undersøkelsar syner at trenden vil fortsetja – om ikkje vilkåra blir endra. Dette kan bli svært dramatisk av mange årsakar. For vi har så mykje å miste.

I samband med årets landbruksoppgjør er «stølstilskottet» auka til 70 000 kroner. Partane vart enige om ein fastsatt minstesats på 50 000 kroner per seter for setring i fire veker, og ein minstesats på 70 000 kroner per seter for setring i seks veker.

Formålet med tilskottet er å stimulere til drift av seteranlegg. Seterdrift med beitedyr bidreg til å halde areal opne, er gunstig for det biologiske mangfaldet og er viktig for formidling av tradisjon og kulturarv.

Formidlingsprosjekt med «Sprossa»

Saman med Else «Sprossa» Rønnevig søkte Norsk Kulturarv Sparebankstiftelsen DNB om økonomisk støtte for å kunna tilby «Sprossa» sine foredrag og publikasjonar gjennom ein turné blant interesserte og relevante aktørar.

Total tildeling frå Sparebankstiftelsen DNB til samarbeidsprosjektet ««Sprossa» har mye på hjertet, i mange format og på mange flater» var på NOK 403.850.
Foredraga og dei rikt illustrerte bøkene er meint å vera ein vegvisar til korleis denne forma for kulturformidling kan stimulere til betre å forstå og sjå vern av både den bygde og immaterielle kulturarven i ein større samanheng.

Frå 1. september 2022 og ut 2023 vil Else «Sprossa» Rønnevig halde 20 foredrag på forskjellige arenaer, og spredt over heile landet – Unike og inspirerande foredrag som fleire må få oppleva!

Hjerleid handverksskole & Senter for Bygdekultur
Norsk Kulturarv er sterkt engasjert på Hjerleid på Dovre. Hjerleid er ei samlokalisering for kulturbaserte næringar på Dovre.

Hjerleid er kjent som ”treskjæringens Mekka”. Landets eldste skule for handverk og husflid starta her i 1886. Skulen har ei lang historie og ønskjer å bære denne vidare inn i framtida.

For at kulturarven og tradisjonane skal leve vidare og vidareutviklast, må nye generasjonar få opplæring i desse. På Hjerleid blir handverkstradisjonane halde i hevd. Samtidig er ein bevisste på at handverket må vidareutviklast for å tilpasse seg samtid og framtid.

Eit år på handverksskulen er ikkje som på alle andre vidaregåande skular. Her får ein moglegheit til å drive med praktisk arbeid store delar av skulekvardagen.

Stiftelsen Norsk Kulturarv har dei siste åra bidratt med store ressursar for å oppretthalde og vidareutvikle tilbodet på Hjerleid.
Det har medført at ein har fått på plass følgjande tilbod:

- Vg1 Håndverk, design og produktutvikling
- Vg2 Trearbeid, - lær treskjæring og møbelsnekring
- Vg3 Treskjærerfaget
- Vg2 Smed
- Vg2 Tømrer, - lær tradisjonsbygging
- Vg2 Overflateteknikk, - lær tradisjonsmaling

- Vg2 Søm og tekstilhåndverk

Handverksskolen på Hjerleid, Møbelsnekkerskolen på Mysen og Plus-skolen i Fredriksstad er handverksskular som over mange år har bygd opp ein spisskompetanse innan handverksfag. Dei går nå under fellesbenevnelsen «Kulturarvskoler», og er spesifikt nemde i regjeringas «Hurdalsplattform» med tanke på eit særskilt behov for statleg grunnfinansiering. Dette vil bety mykje for den framtidige drifta av desse skulane, og i arbeidet med å sikre viktig handverksutdanning.

Handverksskolen på Hjerleid er eigd av Norsk Kulturarv (67%) og Studieforbundet kultur og tradisjon (33%).

Senter for bygdekultur (SfB) er eit kompetansesenter innanfor tre og handverk. Her tilbyr ein eit breitt spekter av veke- og helgekurs.
Det blir og halde kurs for barn i sommarferien.

Senter for bygdekultur skreddarsyr gjerne eigne kurs innanfor fagområde.

Senter for bygdekultur driv òg lærebedrift for lærlingar i treskjerarfaget. Dette er ei av få bedrifter i Norge som tek inn lærlingar i treskjering. Ein har òg ei lærebedrift for møbelsnekkarar og for smedar. Senter for bygdekultur tek oppdrag innan smiing, møbelsnekring og treskjering.

Senter for bygdekultur er eigd 100% av Norsk Kulturarv.

Med støtte frå Oppland Fylkeskommune har det vore dreve eit omfattande utviklingsarbeid for å styrke og vidareuitvikle Hjerleid til eit senter for små handverksfag på nasjonalt nivå. Spørsmålet om SfBs overtaking av gjenverande bygningsmasse på Hjerleid er eit svært aktuelt tema dei neste par åra.

Det slovakiske prosjektet The Red Monastery
Riksantikvaren (RA) er samarbeidspartnar i det slovakiske EØS-programmet på kultur. RA skal i den samanheng finne norske partnarar til det slovakiske prosjektet The Red Monastery.
Klosteret ligg ved byen med same namn, Červený Kláštor, inntil elva Dunajec.

Fortidsminneforeningen og Norsk Kulturarv gjekk i 2018 inn i prosjektet. Randi Bårtvedt og Erik Lillebråten representerar Norsk Kulturarv i arbeidet.

5.-9. september besøkte vi Slovakia.

Medieomtale
Det har vore arbeidd systematisk med kontakt mot pressa. Dette har ført til oppslag i nasjonale, regionale og lokale medium. Aksjonane våre – ikkje minst Norsk Smaksskule – får mykje god omtale.

Representasjon og møte
Møter med Norges Kulturvernforbund og forbundets organisasjonar, Norsk Kulturminnefond, Riksantikvaren (RA), Senter for Bygdekultur, Handverksskolen Hjerleid, Maihaugen, Norsk Seterkultur, Sparebankstiftelsen DNB, Stiftelsen UNI, Gjensidigestiftelsen, Hardangerrådet, Opplysningsvesenets Fond, Landbruks- og matdepartementet (LMD), Klima- og miljødepartementet (KLD), Landbruksdirektoratet, «Kulturmiljølov-utvalget», Schübelers hager, Norsk Bonde- og småbrukarlag, Norges Bondelag, Studieforbundet Kultur & Tradisjon og fleire.

12. Revisjon

BDO AS (Binder, Dijker, Otte & co) vart vald som revisor på årsmøtet i 2022. Ansvarleg er statsautorisert revisor Rune Pettersen, Lillehammer.

Styret takkar administrasjon for godt arbeid i 2022

Styret vil takke alle gode støttespelarar som har bidratt til arbeidet i meldingsåret.

Jørn Holme
Styreleiar

Olaf Steen
Styremedlem

Stig Grytting
Styremedlem

Christin Krohn
Varamedlem

Arnstein Brekke
Fagrådet

Randi Bårtvedt
Nestleiar

Rita Johansen
Styremedlem

Eli Selstad
Styremedlem

Randi Anita Skogum
Ansattes representant

Erik Lillebråten

Direktør

Vågå, 23. februar 2023